



**RADØY**  
den grønne øya

## LEIGEKONTRAKT FOR «STABBURET», GAMLE PRESTEGARDEN PÅ MANGER

mellom Radøy kommune og Radøy sogelag

1. Leigekontrakten omfatter «Stabburet», Gamle Prestegarden på Manger.  
Lokala kan nyttast til sogelaget sine aktivitetar og sogelaget kan gjerne samarbeida med andre aktuelle lag om bruken av «Stabburet». I så tilfelle skal kommunen ha melding om dette.
2. Leigekontrakten gjeld for tre år f.o.m 1. januar 2017. Leigetakar kan seia opp kontrakten med tre månaders varsel, medan kommunen kan seia opp kontrakten med seks månaders varsel. Lokala kan ikkje framleigast utan kommunen sitt samtykke.
3. Leigeprisen er kr 775,- pr. måned frå 1. januar 2017 og prisen vert justert kvart år pr. 1.januar i samsvar med konsumprisindeksen. Straumutgifter kjem i tillegg og vert betalt etter årleg avlesing av minusmålar til same pris som kommunen betalar til kraftleverandør og netteigar.
4. Leigetakar leigar lokala i den stand dei er. Eventuelt utbetringsarbeid må godkjennast av kommunen på førehand. Leigetakar har innvendig vedlikehaldsplikt for dei leigde lokala. Reinhald er leigetakar sitt eige ansvar. «Stabburet» inngår i utleigar si bygningsforsikring. Forsikring av utstyr og inventar er leigetakar sitt ansvar.
5. Leigetakar får høve til å nytta toalettavdelinga i kommunalt bygg til eige bruk. Inngangsdører må likevel alltid vere låst utanom den faste kontortida.
6. Elles gjeld husleigelova sine vanlege føresegner.

Manger, 22. desember 2016

Utleigar:  
Radøy kommune

Jarle Landås  
rådmann

Leigetakar:  
Radøy sogelag

Einar Borgund  
leiar